

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND

19 86

Namnet på vatnet Gaütlandsvatnet

Kommune ..... Sokndal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen.

## G A U T L A N D S V A T N E T

### Fiskeanalysen vart foreteken den 17. sept. 1986.

Vatnet ligg i Sokndal kommune, på vestsida av R 501 mellom Hauge og Eia, og vest for Barstadvatnet.

Arealet er omlag 18 ha. og h.o.h. 130 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men ein kan sjå botn over store deler av botnarealet, så det må karakteriserast som grunt. Stranda består for ein stor del av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet, men og med noko myr og jordsmonn til vasskanten.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein frodig vegetasjon i vatnet, med nøkkeroser, brasmegras, botngras, siv- og algevegetasjon over det heile.

Nedslagsfeltet femner om det fråflytta gardsbruket på Gautland i sør og vidare noko snaufjell, kulturskog og spreid lauvskog innimellom.

Bekken som fell inn i den sør-vestre delen (ved heimehusa) er hovudtilsiget, men i nord fell og inn eit noko større bekketilsig som kjem frå Vassbottjørna.

Avlaupet renn ut i sør og går om ei lita tjørn ut i Strandlivatnet, og vidare til "Hauge-elva".

### Dei kjemiske tilhøva.

Det vart ikkje teke vassprøver for nærare analyse, men pH-målingar i bekken ved heimehusa synte 6.3 og pH ute på vatnet 6.4. Såpass høge pH-verdiar som dette er langt frå det vanlege i distriktet.

### Fisk m.v.

Vatnet hadde vore fisketomt i omlag 20 år, men for 2 år sidan, i 1985, starta Sokndal J.F.F. opp med kalking, noko som heldt fram også i 1986. Kalken vart spreid ut på isen og i tillegg til dette vart det sett opp kalktønner i to av tilsigsbekkene.


Dette er då grunnen til dei høge og ideelle pH-målingane vi fekk.

Ut på førsumaren, etter utført kalking i 1985, vart dei fyrste fiskane sette ut. I 1986 vart det foreteke ei ytterlegare fiskeutsetjing.

For å sjå resultatata av dei utførte kultiveringstiltaka, vart så dette prøvafisket foreteke.

Det var sett ut 5 garn, av ymse maskestorleik, og resultatet etter 1 fangstnatt vart 52 aurar.

Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 28 aurar og av desse var 21 røde og 7 lys-røde i fiskekjøttet.

15 av fiskane var hofisk og 13 hanfisk.

Vidare var heile 26 fiskar gytefisk og berre 2 gjell-fisk.

3 av fiskane var angripne av parasittar.


Medelvekta av heile fangsten var 215.4 gram og den største fisken vi fekk var 330 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.7	8.9	13.4	18.3	24.3	28.4	30.0
Årleg lengdetilv. i cm	4.7	4.2	4.5	4.9	6.0	4.1	1.6
Antall fiskar	28	28	28	28	28	9	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.03 tilseier fisk av god kvalitet

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Gautlandsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).



### Konklusjon.

Ut frå den foretekne fiskeprøven kan vi slå fast, at tilhøva for fiskeproduksjon synes gode i Gautlandsvatnet, noko som igjen skriv seg frå den utførte kalkinga i dei 2 siste åra. Ein pH på 6.4 er langt frå det vanlege i fiskevatna i dag.

Omfarfordelinga syner jamt bra med fisk på alle garna og omlag 10 aurar i medel pr. garn tyder på at det er godt med fisk i vatnet.

Ser vi på cm-klasseinndelinga, så fortel denne at fisken er noko einsarta i storleik. Grunnen til dette er, at den utsette fisken har stort sett vore einsaldra med liten spreiding i alders-samansetjinga.

Kondisjonsfaktoren er god sjølv om lengdeveksten ligg litt i underkant av normalkurven.

Nårt tilhøva har vorte såpass gode i Gautlandsvatnet skuldast det som nemnt den kalkinga som Sokndal J.F.F. har stått for. Kalken har nøytralisert surheita i vatnet og stimulert flora og fauna. I dei åra vatnet var fisketomt, etter det vi har fått opplyst 20 år, så har det magasinert seg eit visst næringsforråd som etter kalking har slått ut og kome fisken til gode. Alle fiskemagane vi såg på var fulle av plankton og div. botndyr.

Når fisken gjekk ut i Gautlandsvatnet skuldast dette sur nedbør. Nedslagsfeltet har ikkje vore i stand til å nøytralisere surheita og fylgjeleg har det gått med fisken her, som i så mange vatn i Sør-Vestnorge, fiskebestandet har forsvunne.

Kor vidt auren i Gautlandsvatnet sjølv villa kunna stå for ei tilfredstillande rekruttering, er det ennå for tidleg å seia noko om. Ei viss naturleg formering må ein kunna rekna med både i tilsigsbekker og avlaup. Om dette er nok kan vel vera tvilsamt, slik at ei mindre årleg utsetjing vil vatnet truleg kunna tåle. Det spelar og sjølvsagt inn kor mykje fisk som blir fanga gjennom året.

### Praktiske tiltak.

Kalkinga må fortsetja i omlag same omfang som før og ved å ta fleire pH-målingar gjennom året, til ulike årstider, vil ein kunna koma fram til ei høvande kalkdosering.

Vatnet må opnast for stangfiske mot løysing av fiskekort. Dette vil kunna gi innkome til det vidare kultiveringsarbeidet. Då det fråflytta gardsbruket på Gautland er overtak av kommunen, og utlagt som friareal, skulle mulighetene for fritidsaktivitetar og fiske vera gode.

Dei som steller med vatnet må fylgje med på bekkene, om det er yngel og småfisk å sjå. Gytetilhøva er ikkje gode, så ein skulle tru at 3-400 setjefisk må årleg setjast ut, i tillegg til naturleg produksjon. Vidare kan det utpå haustparten drivast eit avgrensa garnfiske med stormaska garn (omf. 14), for å nyttiggjera seg den større fisken.

Gautlandsvatnet er litt av ei perle og eit ypperlig sportsfiskevatn. Det er eit prisverdig arbeid som Sokndal J.F.F. har stått for og resultatet ser lovande ut.

Etter 3-4 år bør det takast eit nytt prøvofiske for å sjå om tilhøva har endra seg.

Stavanger 5. juni 1987.

Einar Berg